

SAK KA 18/97: LR 1/97 ÅRSMELDING OG REKNESKAP 1996

Saksbehandler: Betty Haga

ÅRSMELDING.

Året har i svært stor grad vore prega av arbeidet med å førebu iverksetjing av den nye kyrkjelege lovgjevinga som vart sluttbehandla i Stortinget våren 1996.

Arbeidet har vore prioritert ut frå 3 hovudområde:

- førebu oppretting av KA som sjølvstendig arbeidsgjevarorganisasjon
- gje informasjon og hjelp til medlemmane i KA
- gjennomføra oppdrag frå KUF om å informera sokneråd, fellesråd og kyrkjeleg tilsette om innhaldet i og konsekvensar av det nye kyrkjelege lovverket.

1. Organisasjon og ressurser.

Styret i KA har hatt 6 styremøte og behandla 46 saker.

Landsrådet har i tillegg til sitt ordinære møte, hatt eit ekstraordinært møte primært for å ferdigbehandla saker knytta til KA's nye status som sjølvstendig arbeidsgiverorganisasjon frå 01.01.97.

Som ein konsekvens av dette er det vedtatt nye vedtekter for KA og for KA's arbeidsgjevarverksemd.

Ved utgangen av året hadde KA 1087 medlemmer. 325 av desse var fellesråd eller menighetsråd med fellesrådsfunksjonar, 734 var menighetsråd og 28 var andre typar medlemmer.

Sekretariatet hadde ved inngangen til 1996 8 årsverk, inkludert 0,5 årsverk finansiert av KIFO.

I løpet av året er oppretta 60 % sekretærstilling, 40 % rådgjevarstilling og det er inngått samarbeid med Kyrkjerådet og KIFO om ein IT-konsulent- stilling. KA har i 1996 dekkja 40 % av utgiftene til denne.

Omfanget av arbeidsoppgåver har også dette året vore aukande.

Utviklingen i innteker og utgifter dei siste tre åra gjenspeglar i stor grad aktivitetsauken. Oversikta nedanfor viser at frå 1994 til 1996 er omsetjinga 3-dobla.

	<u>1994</u>	<u>1995</u>	<u>1996</u>
Inntekter	kr. 2,3 mill.	kr. 4,2 mill.	kr. 7,1 mill
Utgifter	<u>kr. 2,3 mill</u>	<u>kr. 4,4 mil.</u>	<u>kr. 6,9 mill</u>
Resultat	<u>kr. 0,0 mill.</u>	<u>- kr. 0,2 mill</u>	<u>+ kr. 0,2 mill</u>

2. Medlemskontakt og informasjon

Det er i 1996 sendt ut 5 medlemssendingar med til saman 25 rundskriv samt div. anna materiell. I tillegg er KA-forum utgitt med 5 nummer og Edb i kirken med 4 nummer.

Av pkt. 3 framgår omfanget av kursverksemda der det i stor grad er representantar for våre medlemmer som har deltatt.

Utover dette har sekretariatet delteke på ulike former for møte på oppdrag frå ca 20 medlemmer og vore rådgjevar i ei rekkje einskildsaker.

3. Samarbeidspartnarar.

Samarbeidet med Kyrkjerådet har blitt vidareført i 1996.

Konkrete samarbeidstiltak / - område har vore ; Edb i kirken, Rekruttering til kyrkjelege stillingar, Konferanse om nettverk for praktisk-kyrkjeleg utdanning.

Direktøren har deltatt på Kyrkjemøtet, m.a. i komitearbeidet med ny kyrkjelov og har hatt regelmessige møte med direktøren i Kyrkjerådet.

Sekretariatet har hatt relativt stor kontakt med bispedømeråda. Dette både som konsekvens av samarbeid om gjennomføring av prostivise kurs, men også ved at bispedømerådssekretariata søker råd hos KA i ei rekkje saker og ved at KA vert beden om å delta på kurs bispedømeråda arrangerer.

Samarbeidet med IKO om rådgjeving vedr. menighetsbarnehagar har halde fram.

Rettleiingshefte om menighetsbarnehagar er revidert og gitt ut i nytt opplag og konferanse er gjennomført.

Sameleis er samarbeidet med Diakonhjemmets høgskolesenter vidareført.

Første kullet på den administrative etterutdanninga er uteksaminert Sekretariatet i KA har bidratt med ca 50 % av undervisinga og deler av pensumlitteraturen

KA har og bidratt med undervising på kyrkjverjeutdanninga på Høgskulen i Volda

4. Oppdrag for KUF.

På oppdrag frå Kyrkjedepartementet har KA gjennomført ei rekkje informasjonstiltak om ny kyrkjelovgjeving. For dette har KA motteke kr. 1,25 mill i tilskot.

Fylgjande er gjennomført:

- 135 kurs for soknerådsmedlemmer, fellestrådsmedlemmer og kyrkjeleg tilsette. Til saman 10.500 deltakarar.
- 35 rådgjevingdagar i einskildkommunar etter oppdrag frå fellestrådet.
- 5 fylkesvise kurs for representantar for kommune og kyrkje - samarbeid med KS og bispedømeråda.
- 2-dagars storkommunekonferanse med 70 deltakarar frå 20 av dei 23 største kommunane.
- 3-dagars toppleiarsamling for kyrkjevevjerj og fellestrådsleiarmed til saman 270 deltakarar
- Utsending av KA-forum - 5 nr. i 2 eks. - til alle sokneråd.

5. Arbeidsgjevarverksemda.

Oppretting av KA som sjølvstendig arbeidsgjevarorganisasjon - Avklaring av forholdet til KS

Den nye rettslege situasjonen frå 01.01.97 medførte at KA brukte 1996 på prinsipielle og praktiske spørsmål knytta til oppretting av KA som sjølvstendig arbeidsgjevarorganisasjon. Ulike modellar vart drøfta med KS og med arbeidstakarorganisasjonane. Ei avklaring fann stad seinhaustes..

Kontakten med arbeidstakarorganisasjonane.

KA tok ved utgangen av 1995 initiativ til oppretting av «Kyrkjelovs-forum», eit uformelt møte mellom arbeidstakarorganisasjonane, Kyrkjerådet, Kyrkjeverjelaget og KA. Formålet var å kunna drøfta dei problemstillingar om til eikvar tid var mest aktuell knytta til ny kyrkjelovgjeving. Forumet har hatt 8 møte i 1996.

I tillegg er det arrangert ein 2-dagars konsultasjon om arbeids- og tariffrettslege konsekvensar av ny kyrkjelovgjeving og ein dagskonferanse dagleg leiing.

2. halvår er det gjennomført drøftingar med organisasjonane primært knytta til oppretting av partssamansette utval og mandat for dette, men også andre sentrale problemstillingar har vore drøfta.

Rådgeving vedr. overtaking av arbeidsgjevaransvaret frå 01.01.97.

Ein hovudsak i rådgevingane overfor medlemmane har i 1996 vore å hje hjelp i arbeidet med alle problemstillingar knytta til overtaking av arbeidsgjevaransvaret. Svært mange stader var det diskusjonar knytta til korleis ansvaret var plassert tidlegare og til kva rettar dei tilsette hadde i overgangen mellom gammal og ny lovgjeving. Særleg var det mange spørsmål knytta til kyrkjeverjestillingane og til tilsette ved kyrkjegardane .

KA har i rundskriv gitt forslag til skriv til arbeidstakarane i samband med overføring av arbeidsgjevaransvaret.

Rådgeving knytta til forståing av avtaleverket og hjelp i konfliktsaker.

Sekretariatet får svært mange spørsmål knytta til forståing av avtaleverket. Spørsmåla avslører eit stort behov for kompetanseutvikling på dette området.

KA har også gitt hjelp i ei rekkje større personalsaker. 15 -20 tunge konfliktsaker har krevt store tidsressursar frå sekretariatet.

6. Interesseverksemd.

Arbeid i forhold til Stortinget vedr. behandlinga av lovforslaget og ressursar til gjennomføring av lovreformen.

Før Odelstinget behandla lovforslaget i mars hadde KA fleire formelle og uformelle kontaktar med medlemmer i kyrkje- og undervisingskomiteen. Også i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett -96 og nasjonalbudsjettet for 1997 hadde KA viktige innspel mot

Stortinget. Dette arbeidet var samordna med Kyrkjerådet og var vesentleg for detendelege resultatet i budsjettvedtaket.

Hjelp til medlemmer i forhandlingar med kommunen.

Fleirtalet av fellesråda starta 2. halvår samtalar med kommunen med sikte på å avklara samarbeidsrelasjonar og inngå avtalar om tenesteyting. KA gav ei omfattande rådgjeving på dette området. Til hjelp i arbeidet vart det før sommaren utgitt eit rettleiingshefte om temaet.

Arbeid med avtaleinngåing på vegne av medlemmane

Drøftingane med Kopi-Nor har pågått også i 1996 og vil bli avslutta i 1.halvår i 1997.

I samarbeid med KNFF har KA forhandla fram og inngått avtale om ansvarsforsikring for medlemmane våre i 1997.

Det er og arbeidd fram forsikringstilbod for bygningar.

Kirke - 96.

Kirke-96 vart planlagt og gjennomført i samarbeid med Info-Rama A/S. Arrangementet hadde fleire utstillarar enn i 1994, talet på deltakarar på seminar og personar som såg utstillingane var mindre.

Erfaringane med arrangementet er samla sett så positive at KA vil gå vidare med tanke på eit nytt arrangement i 1998.

Forskings- og utviklingsprosjekt.

I samarbeid med Kifo gjennomfører KA eit 3-årig forskingsprosjekt knytta til innføring av ny kyrkjelov..

I 1996 deltok KA i organisasjonsutviklingsprosjekt for kyrkja i 4 kommunar.

7. Produksjoner.

I 1996 vart fylgjande hefter og bøker produsert:

Lovhefte (ny kyrkjelov og gravferdslov), Tariffhefte, Alternative styringsmodeller i den lokale kirke, Kommunale utgiftsforpliktelser og kommunal tenesteyting etter ny kirkelig lovgiving, Å være barnehageeier, Kirkelig ledelse, Internkontrollhåndbok

1996 var eit svært viktig år for KA og for medlemmane i KA.

Målet var å leggja eit best mogeleg grunnlag for arbeidet etter at ny kyrkjelovgjeving var iverksett.. Arbeidsinnsatsen har medført at ein ved inngangen til 1997 har ein arbeidsgjevarorganisasjon som er i stand til å ivareta ansvar og interesser på vegne av fellesråd og sokneråd. I tillegg har KA sin innsats i 1996 medført at lokale kyrkjelege organ , kyrkjeleg tilsette og kommunepolitikarar og administrasjon har fått større kompetanse til å ivareta det ansvaret og den rolle dei er tiltenkt i det kyrkjelege lovverk.

REKNESKAP - Kommentarer

Rekneskapen for 1996 viser eit overskot på kr. **229.421,-**. Samla inntekter i 1996 har vore kr. **7.118.711,-**. Utgiftene har vore kr. **6.889.290,-**. Inntektene er ca. 552.000,- høgare enn budsjettert, og utgiftene er ca. 526.000 høgare enn budsjettert.

Dette medfører at resultatet er kr 29.000,- bedre enn budsjettert. Det må her nemnast at Sunnivastipend på kr. 75.000,- er tildelt Frank Grimstad i 1996. Beløpet er inntektsført og bidrar til det gode resultatet. Inntekter og utgifter i samband med prosjektet skal etter avtale inngå i KA sin rekneskap. Utgiftene vil komma i 1997.

○ Ordinær verksemd

Denne avdelinga har eit underskot som er nær kr. 112.000 større enn budsjettert trass i inntekter på ca. 358.000 meir enn budsjettert. Utgiftsauken ligg dels på varekostnader (Edb i kirken) og dels på salgs-/adm.kostnader. Når det gjeld Edb i kirken er inntektene også høgare enn budsjettert. Netto utgifter i 1996 er kr. 37.000 (budsjettert med kr. 30.000). Når det gjeld varekostnader er det ei rekkje kontoar med overforbruk. Størst utslag gir reise- og diettutgifter, telefonutgifter, reinhald/straum og styre/landsråd. Dette gjenspeglar i hovudsak at ein har eit aktivitetsnivå som er høgare enn det som er lagt inn i budsjettet. Samstundes er det grunn til å sjå nærare på om kostnadsnivået knytta til aktivitetane kan/bør reduserast. Dette vil bli prioritert sterkare i 1997.

○ Kurs

På denne avdelinga er det eit overskot på nær kr. 324.000 større enn budsjettert. Dette har primært samanheng med stort deltakarantal på storkommunekonferansen og toppleiarseminaret hausten 1996, og med at fellelsråd/kommunar som fekk 1 dags rådgjeving hausten 1996 (i underkant av 30 stk.) betalte kr. 4.000 for dette. I tillegg gav det eit visst handlingsrom at utgiftene til kursmaterieill våren 1996 var vesentleg lågare enn budsjettert.

○ Forlag

Her er overskotet kr. 235.000, dvs. kr. 165.000 lågare enn budsjettert. Dette har samanheng med at det ikkje var kapasitet til å ferdigstill tre av bøkene/heftene som var tenkt utgitt i 1996. I tillegg var det naudsynleg å kjøpa inn ny printer for arbeidet med manuskripta.

Samla salgsinntekter var på kr. 574.000, dvs. kr. 126.000 lågare enn budsjettert. Dette betyr at salget av dei produksjonane som vart ferdigstilte, er vestentleg betre enn budsjettert.

○ Særfond II

Resultatet her samsvarer her godt med budsjettert. Utgiftene som er lagt inn tilsvarer dei som er lagt inn i Særfond II - søknaden for 1997.

Forslag til vedtak: Styret rår landsrådet til å godkjenna årsmelding og rekneskap for 1996.

